



Notat

Dato: 08.04.2016
Arkivsak: 2016/3976-3
Saksbehandlar: tormons

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Status næringshagar i Hordaland 2016

Bakgrunn, strategi i Hordaland

Våren 2011 lanserte Selskapet for Industrivekst SF (Siva) eit nytt næringshageprogram for 2011-2021. I næringshageprogrammet vert det lagt vekt på innovasjon og nyskaping i ei forsterka satsing. Føremålet er å auka næringshagane sin attraktivitet for høgt utdanna menneske gjennom oppbygging av sterkare og meir robuste utviklingsmiljø - styrke næringshagemiljøet si evne som lokalt nettverksenter og pådrivar for kunnskapsbedrifter i regionen. Det er no totalt rundt 50 næringshagar i programmet på landsbasis. I Regional Næringsplan for Hordaland 2013-2017, vert det lagt vekt på å ha eit godt inkubator- og næringshagetilbod til etablerarar i heile fylket. Samarbeid og tilgang til nettverk, samt å skape fleire innovative næringsmiljø er òg prioritert i næringsplanen.

I det nye næringshageprogrammet fekk fylkeskommunen ein styrka posisjon. Fylkeskommunen er no programeigar saman med kommunal- og moderniseringsdepartementet. Fylkeskommunen skal òg, saman med nasjonal programoperatør Siva, ha medråderett i utveljing av kva næringshagemiljø i fylket som skal takast opp i programmet. Næringshageprogrammet skal vera eit av fylkeskommunen sine verktøy for samfunnsutvikling og regional utvikling. På bakgrunn av det nye næringshageprogrammet og den styrka rolla til fylkeskommunen, vart det laga ein strategi rundt Hordaland fylkeskommune sitt arbeid med næringshagar. «Næringshagar i Hordaland – strategi Hordaland fylkeskommune», vart vedteke i fylkesutvalet 13.10.2011. I strategien vart det teke stilling til viktige faktorar i forhold til kva rolle fylkeskommunen skal innehå. Det vart gjort avklaringar rundt regionale planverk, eigarskap, styring og oppfølging, regional partnarskap, kor mange næringshagar og geografisk spreieing i fylket, finansiering av næringshagane og handsaming av søknadar.

3 næringshagar + 1

Eit mål i strategien er å jobbe for å få inntil 5 gode næringshagar i det nasjonale næringshageprogrammet. Det er til no etablert totalt 4 næringshagar i Hordaland. Det er 3 som er formelt med i det nasjonale programmet. Nordhordland Næringshage vart etablert i 2012, og Næringshagen på Voss og Gulen og Masfjorden Næringshage vart etablert i 2013. Ingen av desse eksisterte i 2011 då programmet starta opp, og det ligg eit stort stykke arbeid bak lokalt og regionalt for å få etablert desse. I 2015 vart Næringshagen i Hardanger etablert med prosjektstatus i 1 år. Næringshagen er enno ikkje formelt tatt opp i programmet. Dette skal vurderast i løpet av våren/sommaren 2016, og det er Siva som formelt fattar vedtak om optak i

programmet. Det arbeides mykje med å sikre at Næringshagen i Hardanger oppfyller dei krava som SIVA set til opptak.

Fylkeskommunen sitt bidrag og engasjement

Som ein del av strategien har fylkeskommunen forplikta seg til ei støtte på inntil kr 300.000 pr næringshage pr år så lenge den er med i programmet. Siva har forplikta seg på minimum kr 600.000 til kvar næringshage. Privat næringsliv/målbedriftene i næringshagen har då forplikta seg på kr 300.000. Dvs at maksimal offentleg støtte i næringshageprogrammet er skissert å vere 75 %. Fylkeskommunen har ikkje gått inn som eigar i nokon av dei etablerte næringshagane.

Fylkeskommunen har ein representant frå seksjon for næring og lokalsamfunnsutvikling med som observatør i alle styra til næringshagane. Dette er sett som eit vilkår i tilseagna som vert gitt. Observatørposten gjer at representanten deltek på styremøte, har tale- og forslagsrett, og dermed får eit svært godt innblikk i det arbeidet som næringshagen gjer. Det er på denne måten òg mogleg å komma med innspel og faglege råd, delta i strategiprosessar, samt bidra med erfaringsoverføring frå dei ulike næringshagane. SIVA hadde tidlegare eit styremedlem i kvart næringshagestyre, men har redusert sin styreaktivitet, og sit no kun i styret i Næringshagen på Voss.

Fylkeskommunen bidreg òg inn i Inunet, med ein representant frå seksjon for næring og lokalsamfunnsutvikling samt med prosjektmidler. Inunet er eit nettverk av næringshagane, inkubatorane, Innovasjon Norge og fylkeskommunen i Hordaland. Nettverket søker kompetanseheving saman, deler kunnskap, og har oppretta andre prosjekt og initiativ saman som til dømes Kvinnovasjon (2009-2013). Eitt av tiltaka no er å kople næringshagane og inkubatorane nærrare med klyngene.

Fylkeskommunen inviterer næringshagane inn i dei nettverk og arenaer som finnes i fylket. Til dømes deltek dei på den årlege dialogsamlingsa saman med inkubatorane, klyngene og dei andre partnerorganisasjonane innanfor næringssutvikling.

Rapportering og evaluering

Kvar næringshage har signert eit partnerskapsavtale med fylkeskommunen og Siva, som varer ut 2017. Kvar næringshage i programmet vert jammleg evaluert, gjennom dialogmøter der Siva og fylkeskommunen møter næringshagen, samt gjennom diverse årlege og halvårlege rapporter som næringshagen leverer til både Siva og fylkeskommunen. Kvart tredje år skal kvar næringshagen evalueraast for å vurdere vidare deltaking i programmet.

Samarbeid med SIVA

Dialogen med Siva går via telefon, e-post, videokonferansar og møter. Samarbeidet ein til ein mellom HFK og Siva går godt, men det er ei utfordring at alle partar vert fullt oppdatert når det skjer noko nytt i høve til den enkelte næringshage og programmet. Det er òg uheldig at Siva ikkje lenger har ressursar nok til å ha fast styreplass i kvart styre, då det å ha Siva tilstades vert opplevd som svært positivt for både den einskilde næringshage og for fylkeskommunen. Siva seier dei vil kome med ein oppdatert versjon av næringshageprogrammet i løpet av året, sidan det har vore ein del endringar i perioden frå 2011. Det skal òg gjerast ei midtveis evaluering i 2016, som skal vere med og danne grunnlaget for eit oppdatert næringshageprogram. Det er ei utfordring at Siva ikkje i særlig grad inkluderar fylkeskommunane i dei prosessane som pågår, og fylkesrådmannen forventar at Siva forbetrar seg og utviklar strukturar for å inkludere fylkeskommunane i større grad.

Kort om den einskilde næringshage:

Nordhordland Næringshage

Nordhordland Næringshage vart starta i september 2012, og har eit fokus på opplevingar, reiseliv og kultur. Nordhordland Næringshage har kontorlokale på Mastrevik Torg i Austrheim der ein finn eit kontormiljø med ni kontorplassar. I tillegg har Nordhordland Næringshage delar av det gamle kommunehuset – Kunsthuset Austrheim – der seks kunstnarar er samlokaliserte. Nordhordland Næringshage si avdeling på Solund vart opna 1. oktober 2012, og har kontor i første etasje i Solund Leilighetshotell. Her finn ein eit kontormiljø med fem kontorplassar. Det er 2 heile stillingar knytt til kontoret på Mastrevik, samt ei 60 % stilling i Solund. Dagleg leiar er Solveig Lerøy. Det er òg andre som er tilsett i engasjement i ulike prosjekt knytt til næringshagen. Næringshagen tilbyr relativt få kompetansehevande tiltak, og jobbar i større grad knytt til den einskilde bedrift sine behov. Nordhordland Næringshage har mange målbedrifter, totalt 40 ved utgongen av 2015, samt 15 medlemsbedrifter.

Næringshagen på Voss

Næringshagemiljøet skal vere eit lokalt nettverkssenter og pådrivar spesielt for kunnskapsbedrifter i regionen. Næringshagen på Voss starta opp i mars 2013 og har som mål å auke den regionale verdiskapinga, gjennom utvikling av nye og vekst i eksisterande verksemder. Dette gjer ein gjennom å levele følgjande tenester til sine medlemmer; kompetanseheving, møteplassar, nettverk, bedriftspresentasjonar, rådgjeving, internasjonalisering og samlokalisering.

Næringshagen har òg eit opplegg for nyetableringar og knoppskytingar, som heiter Grunderhjelpa. Det er no 2 heile stillingar i næringshagen. Dagleg leiar er Frode Rokne. Næringshagen har eit stort fokus på å tilby kompetansehevande tiltak, kurs og møteplassar til sine bedrifter.

Næringshagen har eit breitt spekter av målbedrifter, innan hovudsakleg satsingsområda bygg, mat og reiseliv. Næringshagen har mange målbedrifter, totalt 38 pr desember 2015, samt 10 medlemsbedrifter.

Næringshagen har i 2015 moteke ei ekstra satsing på 6 millioner kr for 3 år, 2016-2018. Dette for å styrke måloppnåinga for næringshageprogrammet. Hovudmåla i den ekstra satsinga er etablering av ein innovasjonshub med utviklingsaktivitetar for aktørar og næringslivet i heile regionen, samt etablere metodar og modellar som skal deles med resten av næringshagenettverket.

Gulen og Masfjorden Næringshage

Næringshagen vart formelt etablert 29. mai i 2013, og har sine prioritieringsområde innan industri, service og havbruk. Næringshagen er lokalisert på Sløvåg, og det arbeides med å etablere ein node på Matre med spesielt fokus på havbruk. Det er ei 100 % stilling i næringshagen til no, dagleg leiar Veronica Haveland. Næringshagen har til no hatt stort fokus på å tilby kompetansehevande tiltak og kurs til sine bedrifter. Næringshagen har relativt få målbedrifter, pr dags dato er det 10 stk, samt 2 medlemsbedrifter. Det er inngått ein samarbeidsavtale med Nordhordland Næringshage, og dei profilerer seg saman som næringshagane i Nordhordland. Kvar næringshage får ei tilsegn på kr 300.000 frå fylkeskommunen, som ein del av partnarskapsavtalen mellom SIVA og den einskilde næringshage. Bortsett frå Gulen og Masfjorden Næringshage, der Hordaland og Sogn- og Fjordane deler denne støtta og gjev kr 150.000 kvar. Jamfør strategien så vurderes det at samarbeid på tvers av fylkesgrenser er upproblematiske.

Næringshagen i Hardanger

Dette er ein ny næringshage, som har prosjektstatus i 1 år fram til juli 2016. Det vil seie at næringshagen ikkje enno formelt er med i det nasjonale næringshageprogrammet. Etter dette året vil SIVA forhåpentlegvis vere positiv til opptak i næringshageprogrammet. Dagleg leiar, Sigmund Vereide, er tilsett i 100 % stilling frå og med 1. januar 2016. I tillegg har næringshagen tilgang på ein ekstern konsulent i ein periode framover, som har vore med på oppstarten av næringshagen i

2015. Hardangerkommunane Eidfjord, Granvin, Jondal, Kvam, Ullensvang og Ulvik vil inngå i den nye næringshagen. Det er til no rundt 16 målbedrifter i næringshagen, men ein er i dialog med rundt 28 bedrifter totalt. Satsingsområda for næringshagen er i hovudsak knytt til kortreist mat, frukt og bærsektoren, service og reiseliv.

Andre initiativ

Næringshagen i Odda vart etablert hausten 2001 i eit samarbeid mellom Siva, Hordaland fylkeskommune og Odda kommune/Hardanger Vekst. I 2007 gjekk Næringshagen i Odda ut av det nasjonale næringshageprogrammet. Næringshagen i Odda søkte om opptak i det nye næringshageprogrammet våren 2011 og igjen hausten 2011. Dei vart ikkje teke opp i programmet då. Dei har vore med i drøftingane om ein næringshage i Hardanger, men har valt å ikkje gå inn i samarbeidet, verken som aksjeeigar eller som målbedrift. Fylkeskommunen støttar ikkje denne næringshagen med midlar ut over einskildprosjekt.

Det har i fleire år vore jobba med eit næringshageinitiativ i Etne. Resultatet er at SIVA ynskjer at ein konsentrerer ressursane om eksisterande klynger, og oppmodar initiativtakarane i Etne til å samarbeide med næringshagen i nabokommunen Vindafjord i Rogaland. Sidan dette då evt vert eit samarbeid over fylkesgrenser, tenkjer HFK seg at ein då nytter same praksis som ved det fylkesoverskridande samarbeidet i Gulen og Masfjorden. Dette betyr at fylkeskommunane bidreg med kr 150.000 kvar, og ikkje kr 300.000 kvar.

Det har òg vore diskusjonar den siste tida med andre regionar/kommunar som ynskjer å vurdere å etablere næringshage.

Arbeidet framover

Det arbeides jamnt og trutt med å nå målet om inntil 5 gode næringshagar i Hordaland. På basis av rapportar og utviklingssamtalar kan ein stadfeste at næringshagane i Hordaland leverer det dei skal. Dei er òg gode på ulike ting, slik at det er svært viktig å leggje tilrette for kompetanseoverføring og nettverksarbeid for næringshagane, blant anna gjennom Inunet.

I løpet av 2015 gjorde Siva ei endring av måten tilskotet til næringshagane vert gitt på, med bakgrunn i ESA sitt regelverk for statsstøtte. Dette medfører no at støtta som Siva gjer er delt inn i to; 3.1 Artikkel 27 støtte til innovasjonsklynger(klyngestøtte) og 3.2 Artikkel 28 Innovasjonsstøtte til SMB-ar. Forenkla kan ein sei at klyngestøtta kan gå til drift av næringshagen, medan innovasjonsstøtta skal gå til målbedriftene i næringshagen. Denne fordelinga har i første år vore 15% til klyngestøtte og 85% til innovasjonsstøtte. Signal frå næringshagane som Siva har motteke vil truleg føre til at klyngestøtta vert auka prosentvis. Dei fleste fylkeskommunaner har enno ikkje delt si støtte inn i desse to støtteordningane, men Hordaland valde å innføre denne todelinga allereie i 2015.

Siva signaliserar at det kjem til å kome ei differensiering av støtta til næringshagane. Denne differensieringa er allereie innført i inkubatorprogrammet som Siva er ansvarleg for. Dei fleste næringshagane får no meir enn kr 600.000 i støtte frå Siva, utan at det er eit veldig klart system for dette. Ein vil no gå over til støttesatsar knytt opp i mot ulike parameter til dømes for kor bra den einskilde næringshage leverer ut frå sitt potensiale. Dette arbeidet er akkurat begynt, og fylkeskommunane er invitert inn i desse prosessane. Hordaland har til no gitt ei flat støtte på kr 300.000 pr næringshage. Fylkesrådmannen vil kome med ei politisk sak på hausten 2016, der ein gjennomgår blant anna dei fylkeskommunale støttesatsane til både inkubatorane og næringshagane, samt fordelinga mellom klyngestøtte og innovasjonsstøtte.